

HERDLA KYRKJELYD

SOMMAR 2017 – SOMMAR 2021

DIAKONIPLAN



Diakoniplan for Herdla sokn – sommar 217 – sommar 2021.

Plan for diakoni i Den norske kyrkja (gjeldande frå 2008) presenterer følgjande definisjon av kyrkja sin diakoni:

“Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkast gjennom nestekjærleik inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd”

I kapittel 4 i Plan for diakoni i Den norske kyrkje vert fire arbeidsområdar framheva på bakgrunn av denne definisjonen.

Diakoniutvalet har tatt utgangspunkt i desse 4 områda. Vi har slått saman nestekjærleik og inkluderande fellesskap. Dette fordi vi føler at i dei fleste tiltaka omfamnar dei kvarandre.

Vi i diakoniutvalet ønskjer at Herdla sokn skal ha eit spesielt fokus på *Vern om skaparverket* og at dette kan vera vårt hovudområde denne og neste soknevals periode. Elles er diakoniplanen sett saman ved at vi har sett på tiltak som alt er i gang og sett korleis dei ulike tiltaka vi har kan plasserast inn i dei 4 punkta, arbeidsområda, som planen legg opp til. Vi ønskjer og å vera opne for nye tiltak/aktivitetar/tilbod i kyrkjelyden. Vi ønskjer at kyrkjelyden og lokalbefolkninga skal møta ei levande og inkluderande kyrkje. Ei kyrkje der vi ser kvarandre, opplever fellesskap med kvarandre og saman tar ansvar for heile Guds skaparverk. Kyrkjelyden har og ein plan for trusopplæring og denne planen tar på ein god måte vare på det diakonale aspektet i arbeid med born og unge.

VERN OM SKAPERVERKET- Målsetting: Kyrkje og kyrkjelyd arbeidar med den bibelske forståinga av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det. Kyrkjelyden og den enkelte er aktivt og konkret med på å skape ein positiv livsstil som fremjar balanse og heilskap

1. Tiltak	Kyrkjestyss / felleskøyring. (Ivar Eidsaa og Kjell Berland) Telefonnummer i @men, på plakatar ved kyrkja og på Fromritoppen, og i lokalavisa. Visittkort med telefonnummer
Målsetting	Alle som ynskjer det skal få anledning til å kome til kyrkja når det er gudsteneste Spare miljø ved å køyre fleire saman
Tid for gjennomføring	Kvar søndag det er gudsteneste
Tid for evaluering	Sommar 2021
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Sjåførar
Samarbeid med	Soknediakon
Ansvarleg	Diakoniutval

2. Tiltak	Bytte dag / sal av brukte klede
Målsetting	Eit tiltak mot kjøp og kast kulturen. Støtte til kristen/humanitær organisasjon
Tid for gjennomføring	Haust – annakvart år
Tid for evaluering	Etter gjort tiltak
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Lokale: kyrkje eller kyrkjelydshus Annonse i @men, AV, kunngjeringar i gudstenesta, flygesedlar, plakatar
Samarbeid med	Kyrkjelydane på Askøy
Ansvarleg	AU diakoni

3. Tiltak	Feiring av Skaparverkets dag i gudstenesta
Målsetting	Få fram håpet om Guds skaparmakt, utfordringar og ansvar
Tid for gjennomføring	Våren, eventuelt ute - gudsteneste ved museet på fortet.
Tid for evaluering	Første sokneråd etter tiltak
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Konfirmantar. Opplegg frå Kyrkas Nord – Sør arbeid. Grøn kyrkjebok
Samarbeid med	Museet
Ansvarleg	Soknepresten

4. Tiltak	Herdla grøn kyrkjelyd
Målsetting	Jobba aktivt for å påverka/motivera kyrkjelyden gjennom dei tiltaka vi har vedtatt for Grøn kyrkjelyd. Kildesortering utanfor kyrkja
Tid for gjennomføring	Heile tida
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Miljøvern rådgjevar på bispekontoret og lokalt her på Askøy
Samarbeid med	Kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidarane
Ansvarlig	Soknerådet

5. Tiltak	Rydding av fjæra på Herdla
Målsetting	Vise ansvar for nærmiljø/bevisstgjøring
Tid for gjennomføring	Ein gang kvar haust
Tid for evaluering	Etter haustdugnaden
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Info i a:men/kunngjeringar, konfirmentar
Samarbeid med	Museet og BIR
Ansvarlig	Konfirmentlærar

Nestekjærleik - inkluderande fellesskap *Målsetjing:* Kyrkja og kyrkjelyden ser lokale utfordringar og inspirerar til nestekjærleik i opne og inkluderande fellesskap.

6. Tiltak	Besøk - teneste
Målsetting	Gje eit tilbod til dei i kyrkjelyden som for ein kortare eller lengre periode treng ein å snakka med. Alle som ber om besøk/samtale skal få besøk innan rimeleg tid.
Tid for gjennomføring	Kontinuerlig, etter behov
Tid for evaluering	Kontinuerlig
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Besøkarar, Brosjyre lagt ut i kyrkjene, på offentlege stader og på kyrkjas heimeside.
Samarbeid med	AU, gruppe satt saman av ein representant frå kvar kyrkjelyd på Askøy.
Ansvarleg	Soknediakon

7. Tiltak	Allehelgens gudsteneste (Helgemesse gudsteneste)
Målsetting	Tilbod om gudsteneste til pårørande der ein markerer dei som er død frå Herdla sokn sidan sist Helgemessesøndag
Tid for gjennomføring	Allehelgenssøndag
Tid for evaluering	Soknerådet etter tiltak
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Brev til næraste pårørande
Samarbeid med	Soknediakon, sokneråd
Ansvarleg	Fungerande prest/kyrkjekontor

8. Tiltak	Blomst til alle 90 års jubilarer, 100 åringer bok + blomst
Målsetting	Vise merksemd, sjå personen
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg
Tid for evaluering	Soknerådsmøte desember
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Pengar til blomster Personar til å køyre rundt med blomstar. Ein frå kvar bygd. Kontaktperson på kyrkjekontoret for å ha oppjusterte lister
Samarbeid med	Soknediakonen
Ansvarleg	Soknerådet

9. Tiltak	Sorggrupper, fellestiltak for alle sokna på Askøy
Målsetting	Gje eit tilbod om samtalegruppe til alle som har mista nokon det siste året.
Tid for gjennomføring	Sein haust til vår
Tid for evaluering	Før ein går ut med nytt tilbod
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	
Samarbeid med	Prest/kyrkjekontoret
Ansvarleg	Diakonane i Askøy

10. Tiltak	Brosjyre med opplysningar om kyrkjelyden sine aktivitetar
Målsetting	Leggje brosjyre i kyrkja. Dele ut i postkassane i kyrkjelyden
Tid for gjennomføring	I byrjinga av kvart semester
Tid for evaluering	Kontinuerlig
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Utgiftar til trykking. Person som koordinerer og lagar planen, ein tilsett.
Samarbeid med	Sokneråd, sokneprest og andre tilsette
Ansvarleg	Kyrkjekontoret v/ kyrkjevevje

11. Tiltak	Lys vaken
Målsetting	Oppleve fellesskap, at borna skal bli kjent i og med kyrkja og at dei skal oppleve gudstenesta som ein god plass å vera.
Tid for gjennomføring	1. søndag i advent, anna kvart år
Tid for evaluering	1. sokneråd etter tiltaket
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Foreldre, lokale ungdommar Ressurspakke sentralt. Første sokneråd etter ferien finne komité.
Samarbeid med	Sokneprest
Ansvarleg	Trusopplærar

12.	Gudsteneste med 4. års bok og 6 åringar
Målsetting	At barna skal bli kjent med kyrkja og oppleve kyrkje og gudstenesten som ein god plass å vere
Tid for gjennomføring	Ein gong i kyrkjeåret
Tid for evaluering	
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Bøker, kakebakarar, 11 åringane frå Lys vaken
Samarbeid med	Kyrkjelydspedagog og sokneråd
Ansvarleg	Forrettande prest

13. Tiltak	Dåps samtalar
Målsetting	Gje foreldre ei innføring i den kristne dåp og kyrkjelydens samlingar Førebuing og praktisk informasjon. Jobbe for å få fleire dåpsvertar
Tid for gjennomføring	Torsdag før kvar søndag med dåp
Tid for evaluering	På slutten av året. Sokneprest ansvarleg
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Dåps vert, Gudsrikeleiken, tema dåp
Samarbeid med	Kyrkjelydspedagog
Ansvarleg	Forrettende prest / dåps vert

14. Tiltak	Konfirmasjonstida
Målsetting	Ta godt imot konfirmantane slik at dei opplever kyrkja som ein god stad for fellesskap, tru og liv Dele ut roser på konfirmasjonssøndagen. Konfirmantane tar aktivt del som minestrantar
Tid for gjennomføring	Alle gudstenester konfirmantane er tilstades på
Tid for evaluering	Soknerådsmøte etter konfirmasjonen
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Frivillige, kyrkjetenar
Samarbeid med	Sokneråd, frivillige under gudstenesta
Ansvarleg	Konfirmantpresten

15. Tiltak	50 års konfirmantar
Målsetting	Gjensyn med kyrkja, medkonfirmantar og, for mange, trua
Tid for gjennomføring	Ein gong kvar haust
Tid for evaluering	Fyrste sokneråd etter tiltaket
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Kyrkjelydshuset, nokon til å gjere i stand
Samarbeid med	Forrettande prest
Ansvarleg	Soknerådet

16. Tiltak	Bibelgrupper rundt om i heile kyrkjelyden Kyrkjelyden bør veta om gruppene slik at ein har ein stad å visa til for dei som spør etter eit slikt fellesskap
Målsetting	Ein stad for fellesskap, tru og bønn
Tid for gjennomføring	Bør gå kontinuerleg
Tid for evaluering	
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Ta med i brosjyre om kyrkjens aktivitetar
Samarbeid med	Bibelgruppene i kyrkje lyden
Ansvarleg	Kontaktperson i sokneråd, ein kontaktperson i kvar gruppe

17. Tiltak	Kyrkje kaffi / frukt bak i kyrkja
Målsetting	Sjå og bli sett. Oppleve et fellesskap i kyrkja etter gudstenesta. Tid til å ta opp preika eller andre relevante tema i små uformelle grupper
Tid for gjennomføring	Etter dei fleste gudstenestene
Tid for evaluering	Ein gong kvart halvår
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Team og konfirantar
Samarbeid med	Soknerådet
Ansvarleg	Team

18. Tiltak	Formiddagstreff i kyrkjelydshuset
Målsetting	Eit sosialt og kyrkjeleg fellesskap i regi av kyrkjelyden
Tid for gjennomføring	3 gongar kvart semester
Tid for evaluering	Etter kvart semester
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Frivillige medhjelparar
Samarbeid med	Soknerådet
Ansvarleg	Soknediakon

19. Tiltak	Middag etter gudsteneste med tilbod om kyrkje skyss
Målsetting	Gje tilbod om gudstenestefellesskap og måltidfellesskap for dei som ofte ikkje kjem til kyrkja og ofte et åleine
Tid for gjennomføring	Diakoniens dag. Ein gong kvart år.
Tid for evaluering	Første sokneråd etter tiltak
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Økonomi til middag, kyrkjelydshuset, personar til å førebu og vera med heile dagen
Samarbeid med	Soknediakon og prest
Ansvarleg	Soknerådet

20. Tiltak	Open gudsteneste på Fromreide eldresenter. Kaffi og kaker i forkant av gudstenesta
Målsetting	Tilbod om gudstenestefellesskap og nattverd til institusjons bebuarane og andre. Sosialt fellesskap i forkant
Tid for gjennomføring	Ein onsdag ettermiddag kvar månad
Tid for evaluering	
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Liste blir satt opp kvart halvår frå kyrkje kontoret. Liste og program folder delt ut til bebuarane og hengt opp på butikken.
Samarbeid med	Tilsette på eldresenteret. Representantar frå kyrkjelyd: Karen Skråmestø, Margit Ådlandsvik og representant frå soknerådet. Konfirmantar (vår)
Ansvarleg	Soknepresten og organist Jolanta Ravnanger

21. Tiltak	Bøker til sørgjande. Kjærlighetsarr av Jostein Ørum
Målsetting	Å vise at kyrkjelyden ser ein. Å gje ei bok med innhald som kan vera god å ha i sorga
Tid for gjennomføring	Heile tida
Tid for evaluering	Ved innkjøp av nye bøker
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Pengar til innkjøp frå legat og frå sokneråd
Samarbeid med	Sokneråd og sokneprest
Ansvarleg	Soknediakon

22. Tiltak	Open kyrkje
Målsetting	Gje fastbuande og turistar en mulighet til å sjå kyrkja og/eller oppleve ei stille stund
Tid for gjennomføring	Kvar sundag i juli
Tid for evaluering	Fyrste sokneråd etter sommaren
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Vaktpersonar
Samarbeid med	
Ansvarleg	Soknerådet

23. Tiltak	Pusterom
Målsetting	Fellesskap, en mulighet til å vera stille i kyrkje rommet utanom gudstenesta
Tid for gjennomføring	Ein gang vår og ein gang haust
Tid for evaluering	
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	
Samarbeid med	Frivillig prest
Ansvarleg	Soknediakon

24. Tiltak	Pinsegudsteneste med grilling ved kyrkjelydshuset etter gudstenesta
Målsetting	Herdla kyrkjelyd inviterer dei andre sokna. Fellesskap både sosialt og åndeleg
Tid for gjennomføring	1.eller 2. pinsedag
Tid for evaluering	I soknerådet etter tiltak og i stabsmøte på kyrkjekontoret
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Annonse i AV og A:men (hugs frist!)
Samarbeid med	Frivillige
Ansvarleg	Soknerådet

25. Tiltak	Turgruppe, ein ettermiddag/formiddag ein gong i sommar halvåret. Til dømes til Eldsfjellet. Pilegrimsvandring frå Fromritoppen til Herdla kyrkje.
Målsetting	Fellesskap utanom gudstenesta. Gje eit tilbod til dei som ikkje har nokon å gå saman med. Fysisk aktivitet. Bli kjent med nye.
Tid for gjennomføring	Sommar sesongen/tidleg haust
Tid for evaluering	Hausten
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Sette det inn i Det skjer i AV og i kunngjeringar i kyrkja, i @men dersom ein langtidsplanlegger
Samarbeid med	Sokneråd
Ansvarleg	2 kontaktpersonar

Kyrkja og kyrkjelyden står opp for menneske som har fått krenkt menneskeverdet
Kamp for rettferd *Målsetting:* Kyrkja og kyrkjelyden engasjerer seg i rettferdig fordeling av ressursar i verda sitt.

26. Tiltak	Fasteaksjonen
Målsetting	Setje urett på dagsordenen, skape engasjement hos konfirantar og elles i soknet
Tid for gjennomføring	Tysdag før palmesøndag
Tid for evaluering	Første sokneråd etter tiltaket
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Kirkens nødhjelp (personar og materiell) Konfirmantane. @men. Lokalavisa
Samarbeid med	Diakoniutval, dei andre sokna på Askøy
Ansvarleg	KN kontakten i kyrkjelyden, Kjellaug Eidsaa, soknerådet og konfirmantprest

27. Tiltak	Gudsteneste i fastetida. KN gudsteneste og onsdag i fastetida.
Målsetting	Vere med å skape engasjement, gje kunnskap, auke støtta til fasteaksjonen
Tid for gjennomføring	Søndag i fastetida / ein onsdag
Tid for evaluering	Første sokneråd etter tiltaket
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	KN permen, KN kontakt i prostiet, nett sida til KN
Samarbeid med	Soknediakon, diakoniutval
Ansvarleg	Forrettande prest

28. Tiltak	Ulike solidaritets gudstenester: Nord/sør søndagen, Freds og menneskerettighets søndag. Søndag for dei forfulgte. Verdens aidsdag. Bibeldagen.
Målsetting	Skape engasjement for mer rettferd på jorda. Bibelsk forståing av Guds skaparverk og vi menneske som ein del av det.
Tid for gjennomføring	Kan vi lage ei rullering her over 2, 3 eller 4 år?
Tid for evaluering	
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Dei ulike organisasjonane lager opplegg og sender ut stoff
Samarbeid med	Soknediakon / diakoniutval

Ansvarleg	Forrettande prest og sokneråd
------------------	-------------------------------

29. Tiltak	Leif Heggernes sitt misjonsprosjekt og sommar basar
Målsetting	Støtte prosjektet, skape engasjement og støttespelarar. Fast forbøn i gudstenesta.
Tid for gjennomføring	1. joledag og 17. mai. Kontrakt på å gje kr. 2000,- kvar månad.
Tid for evaluering	
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Gevinstar. Faste offer i gudstenesta. (juledag og 17. mai)
Samarbeid med	L. Heggernes (Når han er heime)
Ansvarleg	Soknerådet, frivillige

30. Tiltak	Fair trade produkt/økologisk/svanemerka varar, miljøvenlege varer. Kyrkjelydens produktundersøking.
Målsetting	Bruke fair trade produkt når soknet arrangerer. Informere om rettferdig handel på mellom anna Skaparverkets dag og i @men. Bevisstgjerings av t.d. konfirmantar og dei som driv/jobbar i butikk.
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg
Tid for evaluering	
Ressursar (pengar / lokalar/ menneske)	Fair trade si nettside, ressurspersonar, bispekontoret. Konfirmantar.
Samarbeid med	Diakoniutval
Ansvarlig	Soknerådet

På prostiplan gir soknediakonen saman med dei andre diakonane i prostiet tilbod om PREP kurs, samlivskurs for par, kvar haust og ein temakveld om sorg i forkant av oppstart av nye sorggrupper.

AU for diakonien på Askøy, ein representant for kvart diakoniutval, samlast 2-4 gongar i semesteret. Der fordel ein ansvaret for dei tilrettelagte gudstenestene, planlegg ein adventsfest for psykisk utviklingshemma, førebur to inspirasjonssamling for diakoniutvala, ein kvart semester og har eit fokus på besøkstenesta på Askøy.

Diakoniplanen frå vår 2014 – sommar 2017 blei gjennomgått i soknerådet i januar 2017.

Ny revidert plan vedtatt av soknerådetrådet i april 2017.